



Det Kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement
Avdeling Regionalpolitisk avdeling
sakshandsamar: Knut Ove Nordås
Pb. 8112 Dep
0032 Oslo

Odda, 27.04.2020

Høyringssvar til ny midlertidig forskrift for Merkurprogrammet - Ref-19/2336-20

Ny midlertidig forskrift for Merkurprogrammet er etter vårt syn eit godt og treffande tiltak. Me som næringshage ser at kompensasjonsordninga med dekning av faste kostnadar treffer dårlig for mindre bedrifter, og det skal verkeleg noko til for å oppnå verknadsfull stønad for dei mindre einingane. Ekstraløyvinga til Merkur-programmet kan truleg verta eit meir treffande tiltak som dekker opp for faktisk omsetningsfall. Likevel har me nokre innspel og spørsmål til forskrifta slik den er lagt fram i høyringsrunden med frist 27.04.2020.

Kven kan få tilskot?

Me lurer på om tilskotsordning også vil omfatta nye butikkar og butikkar som tidlegare ikkje har delteke i kompetanseprogrammet. Slik me forstår forskrifta, er Merkur-butikker definert som butikkar som har delteke i kompetanseprogrammet for Merkur-butikkar, men vil også omfatta nye butikkar og butikkar som tidlegare ikkje har delteke i kompetanseprogrammet – forutsett at desse seier seg villige til å delta i kompetanseprogrammet når dei får tilbod om dette.

Vil nystarta butikkar/butikkar yngre enn eitt år falla utanfor ordninga?

I utkastet til forskrift §3 og §5 vert det henvist til talstorleikar frå 2019. Det vert altså kravd samanlikningsgrunnlag for 2019. Korleis skal nystarta butikkar utan drift heile 2019 eller utan samanlikningsmånadar frå 2019 rapportera inn omsetningsfall? Slik ein leser forskrifta no, vil slike butikkar falla utanfor tilskotsordninga. Er dette intensjonen? I staten si ordinære kompensasjonsordning har dei lagt til rette for å kunne søkje med 2020-tal for bedrifter yngre enn eitt år. Ei anna moglegheit vil vera å søkja med budsjett slik Merkur-ordninga normalt gjer for å vurdera om butikken kvalifiserer til investeringsstønad.

Kva kan tilskotet nyttast til?

Skal det vera avgrensingar i kva tilskotet kan nyttast til? Slik ein forstår ordninga no, kan tilskot nyttast til alle typar kostnadar - løn, variable og faste kostnadar. Er det enkelte kostnadar som skal prioriterast eller som det skal vera avgrensingar?



Sesongvariasjonar

I forslag til forskrift §2 står det «*Tilskota er mellombels og gjeld for mars og april 2020 og månadene etter inntil løyvinga er brukt opp eller verknadane av tiltaka mot covid-19 er reduserte*». Også i denne ordninga får ein dermed problematikken rundt sesongvariasjon i drifta. Bedriftene har omsetningssvikt i ulike periodar gjennom året. Slik ordninga er innretta no, vil pengane kunne verta brukt opp tidleg på butikkar som har stor omsetningssvikt i påsken og utover våren, medan butikkar som får problema forskjøve til skulesommarferien ikkje får ta del i tilskotet om ikkje ordninga vert forlenga og meir midlar vert tilført.

Med helsing

Næringshagen i Odda
ved Anna Gursli Langesæter
Smelteverket 57, 5750 Odda
post@nhodda.no, 95890237